

Bygdenytt

eit informasjonsblad frå Valle kommune

September 2023



VAL

11. september er det kommunestyre- og fylkestingsval. Då kan du røyste på kommunehuset eller soknehuset mellom klokka 9 og 18.

Det er også høve til å førehandsrøyste kvar dag fram til og med 8. september. Velkomstsenteret har oppe for røysting kvar dag frå 0800-1500.

I tillegg vil det vere førehandsrøysting følgjande dagar:

Dag	Dato	Stad	Klokkeslett
Laurdag	2/9	Kommunehuset	10:00 – 14:00
Måndag	4/9	Hylestad soknehus	15:00 – 18:00
Onsdag	6/9	Kommunehuset	Langope til kl. 18:00

Ambulerande stemmegjeving:

Veljarar som grunna sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste på førehand eller på valtinget, kan søkje om ambulerande røysting heime

Søknadsfrist er fredag 1. september.

For å bestille ambulerande røysting, eller har andre spørsmål om valet, kan du sende ein e-post til valansvarleg Gunn Marith Homme, gmh@valle.kommune.no eller ringe 91837000.

Steinar Kyrvestad
Leiar i Valstyret



Valle kommune

Valle kommune inviterer til

INNBYGGJARVERKSTAD

måndag 25.september!

Set av kvelden, og møt opp i Hylestad soknehus kl. 18!

Eit hovudtema for innspel vil vere bustadpolitisk plan.

I tillegg vil vi oppsummere kva som er kome ut av den førre innbyggjarverkstaden vi hadde, i 2021.

Servering av mat i pausen.

Meir detaljert program vil kome etter kvart.





Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

KOMMUNEN INFORMERER

1. Tilbakebetaling av oppmålingsgebyr

I høve til sjølvkostforskrifta av 01.01.2020 har Valle kommune gjort ei avrekning for perioden 2020 til 2022 på oppmålingsgebyr. Inntektene har vore høgare enn kostnadene i perioden. Kreditnota vart sendt 26.juni, og det overskytande vert betalt tilbake til kundane det gjeld innan 1. september. Det vert tilbakebetalt til den kontoen som vart nytta til å betale rekninga.

2. Det er vedteke tilskot for støtte til varmepumpe og vedomn for private bustader i Valle kommune. Søkjarar må vere folkeregistrera i kommunen. Støtta utgjer inntil 30% for kjøp og montering av varmepumpe og vedomn. Sjå kommunen si heimeside under tilskot til vedomn og varmepumpe, for vilkår og informasjon om støtteordninga.

KULTUR OG FRITID INFORMERER



Vi minner om at kino no er måndagar, i oddetalsveker.

Fritidsbading

Fritidsbading - familliebading og vaksensymjing, startar som vanleg opp tysdag etter haustferien. Vi gjer merksam på at familliebadinga er forlenga med 1/2 time, og varer altså kl. 16-1830. Det betyr at vaksensymjinga og badstove for karar startar 1/2 time seinare enn før.

Samtidig vil vi nytte høvet til å ønskje vår nye kino- og badevakt Viktor Hristov hjarteleg velkomen!

Strikkefestival avlyst!

I Kulturveka arrangerer Valle bibliotek og Setesdal Husflid i samarbeid med Nordibø landhandel i staden ein utvida strikkekafe med ulike arbeidsstasjonar, pizza og quiz.

Meir informasjon kjem.

Bykle og Valle helseteneste informerer

Valle legekantor

1.september startar vår nye LIS 1 lege ved Valle legekantor. Ho heiter Siri Elise Larsen Byremo, og skal jobbe hos oss frå 1. september til 1. mars. Vi ynskjer ho velkomen til bygda!

Siri Haugetveit er tilbake frå permisjon 4. september.

Hallvard Mosdøl går ut i 50% permisjon frå 4. september til 3. januar. Kristine Vedal Dåsvatn vil vere hans vikar i denne perioden.

14.-15.september vil legekantoret i Valle vere stengt pga. kurs. Legekantoret på Hovden har oppe desse dagane.

HØYRSEL

Audiograf Caroline Dankworth kjem på kommunebesøk, kjellaren på Valle bygdeheim onsdag 20.september. Dette er kun for dei som har høyreapparat.

Ring Liv Gunn viki 900 79562 om du treng time.

Velkomen til onsdagskafe på Dagsenteret kl. 1030-1400!

Onsdag 6.sept. Seniorklær m/Bente

Onsdag 13.sept. Sosialt samvær

Onsdag 20.sept. Evelyns klær

Onsdag 27.sept. Sosialt samvær

Treng du skyss tak kontakt på tlf. 954 04 448 onsdagar kl.08-09.

Helsing Marianne og Bøggi

Frist for innsending til Bygdenytt for oktober er 25. september. Send til sentralbord@valle.kommune.no

NOMELAND BEDEHUS

REMY ANDRE HORNES
kjem og forkynner Guds Ord på
Nomeland Bedehus
sundag 17. september kl 19.00.
Han har ein svært aktuell bod-
skap.



Alle er hjarteleg velkomne!

BØNEMØTE

Kvar måndagskveld kl 20.00 har vi bønemøte
på Nomeland Bedehus.
Alle er hjarteleg velkomne!

Det vert møte med Viggo Wilhelmsen fredag
29.sept. kl. 1900, laurdag 30.sept. kl. 1900,
og søndag 1.okt.kl.1100, på Nome-
land bedehus.



KYRKJA I SEPTEMBER

16.sept. kl. 18.00:

Konsert i Hylestad kyrkje med søstre
Kringlebotten Goa, Kringlebotten Hermunds-
plass og Kringlebotten Rugland. Dei er kjen-
de frå Visjon Norge, Kanal 10 og elles
mange arrangement i Noreg.

20.sept. kl. 11.00:

Andakt på Valle Bygdeheim

24.sept. kl. 16.00:

Gudsteneste i Valle kyrkje. Hausttakkefest
og presentasjon av konfirmantane.

Valle og Hylestad sokn
- DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJEVALET 2023

SOKNERÅDS-OG BISPEDØMEVAL I BYKLE, VALLE OG HYLESTAD SOKN

Ved kyrkjevalet 2023 skal del veljast sokneråd
og lekmedlemer til bispedømerådet

VALLE OG HYLESTAD:

Valdag: 11.september

Valle kommunehus - videokonferanseromet:
kl. 08.00- 20.00

Hylestad soknehus:

kl. 08.00- 20.00

Det er mogeleg å **førehandsrøyste** på kyrkje-
kontoret (Sæbyggjen) på fylgjande tidspunkt:

5.september kl. 09.00- 11.00.

Er du sjuk eller ufør kan du kontakte kyrkjekon-
toret for å få førehandsrøyste heime.

Valkort- kyrkjeleg manntal

Alle som er ført opp i den norske kyrkja sitt
medlemsregister med røysterett skal ha fått
valkort med nærare informasjon. Om du er
medlem i Den norske kyrkja og ikkje har fått
valkortet, kan du kontakte kyrkjekontoret for å
få retta opplysningane i medlemsregisteret.

Medlemsregisteret er grunnlaget for kyrkjeleg
manntal. Om du har fått valkort, men ikkje er
medlem i Den norska kyrkja, kan du gå fram
slik valkortet føreskriv for å bli sletta frå med-
lemsregisteret.

I det kyrkjelege mantalet er det berre høve til å
kontrollere opplysningar som vedkjem ein sjølv
eller ein annan person som har gitt fullmakt til
det. Den som meiner at ein med urette, eller på
anna vis er blitt ført inn eller utelate frå man-
talet i soknet, kan krevje at valstyret rettar fei-
len. Kravet skal vere skrifteleg og grunngjeve.

Les meir om valet på www.kyrkjevalet.no

**Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe
Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.**

**Kyrkjekontoret i Valle,
tlf. 977 84 706, e-post: post@valle.kyrkja.no**



FRITIDSBADNING OG BADSTOVE

tysdagar veke 42-veke 19

Tidspunkt, bading og badstove:

	BASSENGET	BADSTOVA
Familiar	kl. 1600-1830	
Vaksne	kl. 1830-2100	
Menn		kl. 1830-1945
Damer		kl. 1945-2100

Barn under 12 år kan ikkje bade aleine på familiebadninga, men må vere saman med ein person på minst 16 år som har ansvar for barnet under bading. Barn og unge over 12 år kan bade aleine, og det er då foreldra sitt ansvar at barnet er symjedyktig.

Praktiske opplysingar:

- Hugs dusj & såpe før bading/badstove .
- Maks. 25 i bassenget samtidig.
- Dersom kø er det inntil 30 minutt bassengtid / 20 minutt i badstova.

Prisar (gjeld også når du berre nyttar badstova):

Betal gjerne for bruk av badstova før du går i garderoben. Vi bed om at du betaler med Vipps, dersom mogeleg.

	Enkeltbillettar:	Årskort:
Barn inntil 16 år	Kr 20	Kr 300
Ungdomar vgs-alder	Kr 30	Kr 400
Vaksne	Kr 40	Kr 660
Familiekort		Gratis

Dersom ikkje anna blir annonsert er bassenget stengt i skuleferiane.



SONG FOR ALLE



Stad: Spelestoga

Tysdag kl. 1100-1200

Velkomen til uformell allsongstund i Spelestoga for vaksne som liker å synge.

Anna Slaby Driel leiar songen og vi syng med den stemmen vi har!

Arr. Kultur og fritid, Valle kulturskule



BABYSONG - MUSIKK I BYRJINGA AV LIVET

Sæbyggjen torsdag kl. 1330-1400

Vi ønskjer deg og babyen din velkomne til koseleg musikkstund i Sæbyggjen!

Ved Anna Slaby Driel, tlf. 467 89 532.

Arr. Kultur og fritid, Valle kulturskule

6.-15.OKT.

Kulturveka i Valle

**20 ÅR I
2023**


Fredag 6.10. kl. 18.00, Sæbyggjen	Digital fotoutstilling: «Ut i naturen, bilete i stort format», Åsmund B. Svendsen.
Fredag 6.10. kl. 18.00 Sæbyggjen	Utstilling Bykle og Valle Kunstlag: Setesdalskunstnaren Torolv Moseid.
Fredag 6.10. kl. 19.00, Sæbyggjen	Pianokonsert Øystein Kikut: «Jeg går i tusen tanker...».
Fredag 6.10. kl. 21.00, Sølv garden hotell	Folkemusikkpub. Daniel Sandén-Warg spelar. 18 årsgr.
Laurdag 7. 10. kl. 16 -19, Kyrkjestoga	Seminar: Var Paulus kristen?
Måndag 9.10. kl. 17 og 19, Valle kultursenter	Bygdekino.
Måndag 9. 10. kl. 19-21, Setesdalsmuseet	Temamøte: Setesdal stavkyrkje.
Tysdag 10.10. kl. 19.00, Sæbyggjen	Foredrag: «Søstre - om å overleve og leve vidare».
Onsdag 11.10. kl. 13.00, Valle bygdeheim	Pianokonsert Øystein Kikut: «Jeg går i tusen tanker...». Dagsenter startar kl. 1030.
Onsdag 11.10. kl. 12-18, Setesdal vgs, avd. Valle	Open skule. Smykkekurs for ungdomar.
Onsdag 11.10. frå kl. 15.00, Sæbyggjen	Grautfestival.
Onsdag 11.10. frå kl. 17.00, Hylestad soknehus	Kokkekurs med August og Martin og ungdomsklubb.
Onsdag 11.10. frå kl. 18.00, Nordibø landhandel	Strikkekafé, med arbeidsstasjonar & quiz.
Torsdag 12.10. kl. 18.00, Hylestad soknehus	Festkveld: Jubileumsmarkering Kulturveka 20 år.
Torsdag 12.10. kl. 19.30, Hylestad soknehus	Konsert: Østerlide - folkemelodiar i ny drakt.
Fredag 13.10. frå kl. 17.00, Broderheimen bedehus	Basar i Broderheimen.
Laurdag 14.10. frå kl. 10.00, Valle kultursenter	Jubileumsfeiring med leikar og festkveld: Valle IL 100 år! Jubileumsleikar kl. 10-14, festarrangement kl. 20.00
Sundag 15.10. frå kl. 12.00, Rysstad	Sogevandring med Setesdal sogelag.
Sundag 15.10. kl. 16.00, Setesdalsmuseet	Konsert: Kulturpatrulja 10-årsjubileum.

Brosjyre med detaljert info om kvart arrangement vil snart vere å finne i ein butikk nær deg, og i Valle bibliotek, Sæbyggjen.

Hovudarrangør for Kulturveka er Folkeakademiet Valle - følg oss og Kulturveka på Facebook!

Skafsåheii fjellkyrkje -- «Vi over 60»

Onsdag 6. september kl. 1200



Klara Hansen, Thorbjørn og Sigfred Steinhaug frå Mælum

Mykje flott song og musikk som passar for oss over 60!

Ymse underhaldning og allsong

Sal av lapskaus, kaffi og kaker

Høve til å gje ei gåve til drift av Fjellkyrkja

Påmelding innan 1. september til Olav Haugo tlf. 41191974,
Tahar Haddad tlf. 95106156 eller Gunstein Seltveit tlf.90170465

Arr: Pensjonistlaga i Byrte/Mo og Dalen samt Fjellkyrkjelaget

Velkomen!

GEITEKILLINGEN SOM KUNNE TELLE TIL TI

er ei dramatisering av Alf Prøysens kjente og kjære bok med same tittel. Framsyninga blir framført som musikalsk forteljarteater, som tek publikum med på ein berg og dalbane av fysiske ablegøyer, verbale blomar og matematiske krumspring. Klarer vår helt å telje til ti der han rotar seg ut på landet, eller må publikum kome ham til unnsetning?

Valle bibliotek - Sæbyggjen.

Sundag 17. september kl. 14



**Konsert: "Langt heimafrå" med Ingebjørg Bratland og Odd Nordstoga m/band
Hovden grendehus onsdag 11. oktober kl. 18.00.**

Billetter kr 595,00 + avgift på ebillett.no og skriv inn Hovden i feltet for arrangement, spillested.



Sauesjå

— Valle i Setesdal — **MARKNADEN**

Hjarteleg velkomne til Sauesjåmarknaden 2023
MED SAUESJÅ OG KÅRING!!

Vi ser fram til to dagar fulle av aktivitetar i og rundt Valle sentrum! Ikkje minst er vi glade for at vi endeleg skal få oppleve ei god, gamaldags kåring att! Og med sauane følgjer det gjetarhundar, som også skal få vise kunstane sine. Som i fjor vert det underhaldning frå scene i sentrum.

Vi håpar at så mange som mogeleg vil ta turen til oss
og vere med på å gjere dette til ein vellykka marknad!

SAUESJÅMARKNADEN I VALLE

LAURDAG 30.SEPT. — SUNDAG 1.OKT.

VIL DU VERE UTSTILLAR ELLER HA EIN AKTIVITET ?

Påmeldingsskjema for utstillarar finn du på fb-sida vår : «[Sauesjåmarknaden i Valle](#)» eller påmelding til TLF. 938 83 405 / sauesjaavalle@gmail.com SEINAST 20.SEPT.

Vi ønskjer både lokale og eksterne utstillarar hjarteleg velkomne!

PROGRAM:

LAURDAG

Basar ved Valle bygdekvinnelag i Sæbyggjen
Partering av lam ved Nortura
Tillaging av sauekjøt på steinaldervis
i kokegrop
Speedklatring, konkurranse i klatrehallen i Brattløa
Perdano, tryllekunstnar
Suedans med Bootlegs på kvelden i Valle Handel

SUNDAG

Kåringssjå lam på Skeidvodden
Gjetarhundoppvising ved Synne Åkre
Underhaldning frå scenen

BEGGE DAGAR

Salsboder, husflidsprodukt,
handverk, lokalmat, bakevarer,
frukt og grønt,
landbruksmaskinar, snøskuterar
og anna maskinelt utstyr,
krimskrams, nytt & brukt,
gode tilbod i butikkane,
kupteutstilling på Setesdal husflid,
underhaldning frå scenen, natursti,
hoppeslott for ungane med meir!


Bygdekinoen

MÅNDAG 11. september



Kl. 1700 - alle. Kven er du, Mamma Mø?

Når Mamma Mø inspireres til å lage sin helt egen mø-sikal, gjør hun tilfeldigvis en stor del av den selv. Lillebrors kosebamsse forsvinner under mystiske omstendigheter og alt er Mamma Mø sin feil. "Kan du ikke bare være en vanlig ku?" undrer Kråka - "Da skjer det ingenting!" Men det er akkurat det Mamma Mø vil - hun elsker når det skjer ting! Ikke bare slike triste ting. Sammen begynner Mamma Mø og Kråka å følge sporet til den savnede kosebamsen.



Kl. 1900 - 12 år. Perleporten

Trond prøver å ta livet sitt etter at kona avslører hans spilllegalskap. I møte med Jesus og sin nye nøkterne livsstil, får han en genial forretningside, som gjør ham rik på kort tid. Trond gir nå penger til fattige i et velde-dighetsprogram på tv, men føler seg lur av en ru-mensk tigger. Han reiser derfor sammen med byens varaordfører til Romania, for å bevise at tiggerne byg-ger nye hus for pengene de tjener i Norge

Vi minner om at kino no er måndagar, i oddetalsveker.

**Kjøp gjerne kinobillett på www.bygdekinoen.no .
Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.**

**Film er best på kino - støtt din lokale kino!
Vi har eigen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt
anna snacks og drikke. Velkomen skal du vere!**

Kunne du tenke deg å prøve turning?

Då ønsker vi å høyre frå deg!

Vi er to tidlegare gymnastar som har trena ulike former for turn. No ønsker vi å lære dette vidare og startar difor opp med turn i gymsalen i Bykle frå og med veke 42. Treningane blir tysdagar frå kl.18-19.

Martine har konkurrert på nasjonalt og internasjonalt nivå, og er noregsmeister i akrobatikkturn. Her jobbar vi mest på golv og ikkje på apparat.

Fredrik har drive med troppsgymnastikk i mange år. Då jobbar ein saman i lag og konkurrerer i trampett (mini-trampoline) og tumbling (akrobatiske element).

Treningane vil bli ei god blanding av begge formene.

Går du i 1. klasse og oppover og synest at dette høyrast spanande ut, ta kontakt med

fredrik-eriksen@live.no for å melde deg på.

Vi gler oss mykje! :)

Martine og Fredrik



Kva skjer?

Sjå fullstendig kalender på www.valle.kommune.no
under «Aktivitets- og arrangementskalender»

03.09.	Førehandsrøysting
05.09. kl. 11	Song for alle, Spelestoga
05.09 kl. 1330	Babysong- musikk i byrjinga av livet. Sæbyggjen
06.09.	Førehandsrøysting
06.09.	«Vi over 60» Skafsåheii fjellkyrkje
11.09.	Kommune- og fylkestingval
11.09. kl.17/19	 Bygdekinoen
12.09 kl.11	Song for alle, Spelestoga
12.09. kl.13:30	Babysong- musikk i byrjinga av livet
16.09. kl. 19	Konsert i Hylestad kyrkje med søstre- ne Kringlebotn frå Rogaland
17.09. kl. 14	Framsyning: «Geitekillingen som kun- ne telle til ti», Sæbyggjen.
19.09. kl. 11	Song for alle, Spelestoga
19.09. kl.1330	Babysong- musikk i byrjinga av livet. Sæbyggjen
21.09.	Alzheimerdagen
25.09. kl.17/19	 Bygdekinoen
25.09	Innbyggjarverkstad, Hylestad sokne- hus
26.09 kl.11	Song for alle, Spelestoga
26.09	Babysong – musikk i byrjinga av livet, Sæbyggjen
30.09.	Sauesjåmarknaden

Meld gjerne inn dine arrangement /aktivitetar til arrangementskalenderen, og sjekk den på førehand for å unngå kollisjoner!

Valle allidrettsklubb

No startar nytt semester med allidrett! Allidrett er for ungdom frå 8. klasse og oppover.

NB: Ny dag og klokkeslett:

Første samling er **FREDAG 8. septem-
ber kl. 19.00-22.00 i Vallehalli.**

Det blir aktiviteter i hallen, sal av kiosk-
varer og andakt. Vel møtt!

